



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Hardanger Energi, Ulvik

Dato: 21.02.22

Klokkeslett: 18:00 – 21:00

Tilstades på møtet

Medlemer:

Knut Sygnestveit, Stig Yngve Røkenes, Atle Ulgenes, Kåre Olai Solheim, Johannes Sponheim

Sekretær:

Steinar Lund

Saker til styremøtet:

01/22: Meldingar

02/22: Årsmelding 2021

03/22: Rekneskap 2021

04/22: Prisar på jakt, fiske og hytter 2022

05/22: Budsjett 2022

06/22: Søknad om støtte til 40-årsmarkering av Hardangervidda nasjonalpark

07/22: Evaluering av ordning for hytteutleige

08/22: Smårovviltkort

09/22: Garnfiskekort for utanbygdsbuande i Langavatnet

10/22: Aktivitetsplan 2022

11/22: Eventuelt

Publisert 28.2.2022

Underskrifter

Me stadfestar at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Kåre Olai Solheim

Johannes Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda as
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

01/22: Meldingar

Saksdokument:

Postjournal:

2021.05.18-001.1.Forslag til endring av jakttid for villrein i Hardangervidda villreinområde 2021
2021.05.18-001.1.Høyringsnotat - Forslag til endring av jakttid for villrein i Hardangervidda villreinområde 2021
2021.05.24-145.9.Sparebankstiftinga Hardanger-Tildelingsbrev midlar Ripsebu
2021.05.25-145.9.Ulvik fjellstyre-Førespurnad om utbetaling av gåve frå Sparebankstiftinga Hardanger
2021.05.25-652.1.Fylkeskommunen-Løyve til utsetjing av aureyngel i Ulvik statsallmenning 2021
2021.05.28-141.9.Eidfjord fjellstyre-Søknad om tilskot til kulturarrangement
2021.06.07-001.5.Pressemelding - skrantesjuke på Hardangervidda-strategi og tiltak
2021.07.09-123 .Resultatrekneskap tom juni 2021
2021.07.22-612.1.Samjaktavtale - Nordfjella 2021
2021.08.09-434.4.Søknad om landing i høve uttak av breprøvar i regi av NTNU
2021.08.09-434.4.Delegert løyve - helikopterlanding i høve vitenskaplege undersøkingar - NTNU
2021.09.01-333.1.Søknad om uttak av jordprøvar ved Finse
2021.09.10-333.1.Løyve frå Statsforvaltaren Vestland - uttak av jordprøvar i Ulvik Statsallmenning
2021.09.13-333.1.Grunneiers tillatelse til uttak av jordprøver ved Finse - Hardangerjøkulen
2021.09.22-011.3.Forutsigbar økonomi for fjellstyrene på Hardangervidda- Brev frå NFS
2021.09.28-434.Ulvik herad-Landingsløyve for helikopter Ulvik fjellstyre
2021.09.28-434.Ulvik herad-Kopi av landingsløyve for helikopter DNT
2021.10.13-64 Statskog-Oversending byggesøknad fnr. 42 Finse
2021.10.19-011.5 Ulvik Rekneskapslag SA -Innkalling til årsmøte
2021.10.21-141.9 Eidfjord fjellstyre -Oppsummering frå 40årsmarkering av Hardangervidda nasjonalpark
2021.11.10-001 Eidfjord fjellstyre-Handtering av CWD på Hardangervidda
2021.11.10-001.5 Villreinutvalet-Invitasjon høstmøte Hardangervidda 2021
2021.11.12-141.9 Eidfjord fjellstyre-Tildeling av friluftsmidlar til 40-årsmarkering
2021.12.01-017.8 Øvre Numedal fjellstyre - Møtebok 23.11.21
2021.12.22-145.3 Fjellstyresambandet - Friluftsmidlar 2022

2022

2022.01.03-434.4 Nils Lemme-Søknad om skuterløyve for 2022
2022.01.05-434.4 Hallingskarvet nasjonalparkstyre-Melding om delegert vedtak motorferdsel
2022.01.06-642.1 Ullensvang fjellstyre - Fordeling av overskot av fellesfiskekortet 2021
2022.01.08-145.3 Fjellstyresambandet - Påminning frist friluftsmidlar 2022
2022.01.10-434.4 Ove Henry Sævertveit-Søknad om løyve til motorferdsel
2022.01.11-434.4 Ulvik herad - Oversending av løyve til snøskutertransport-Hordaland Røde Kors
2022.01.11-434.4 Ulvik herad - Oversending av løyve til snøskutertransport-Nils Lemme
2022.01.12-001.4 Ulvik herad - Kommunedelpen for naturmangfald - invitasjon til å kome med innspel
2022.01.12-434.4 Ulvik herad - Oversending av løyve til snøskutertransport-Arne Os
2022.01.20-434.4. Ulvik fjellstyre - Næringsløyve motorferdsle 2022 og 2023 Ove Henry Sævertveit
2022.01.27-434.4.Ulvik fjellstyre - Løyve motorferdsle - Nils Lemme
2022.01.27-145.4.Ulvik fjellstyre - Søknad til Grunneigarfondet 2022 - Dyracula og Sankebu
2022.01.28-145.4.Ulvik fjellstyre - Søknad til Grunneigarfondet 2022 - fiskeutsetting

Saksutgreiing:

Orientering på møtet om aktivitet så langt i 2022.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

Referat:

Sekretær og leiar gjekk gjennom meldingane og orienterte om aktivitet så langt i 2022.

Vedtak (sak 01/22):

Fjellstyret tek meldingane til orientering.

02/22: Årsmelding 2021

Saksdokument:

- 02-22 Årsmelding 2021

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Utkast til årsmelding blei gått gjennom.

Vedtak (sak 02/22):

Fjellstyret vedtek årsmeldinga med endringane som blei gjort på møtet.

03/22: Rekneskap 2021

Saksdokument:

- 03-22 Kontospesifikasjon 2021
- 03-22 Resultat 2021

Saksutgreiing:

Rekneskap er klart frå rekneskapsførar, men er ikkje godkjent frå revisor. Styret må eventuelt godkjenne rekneskapen under føresetnad om godkjenning frå revisor.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var ingen merknadar til rekneskapen.

Vedtak (sak 03/22):

Fjellstyret godkjenner rekneskapen under føresetnad om godkjenning frå revisor.

04/22: Prisar på jakt, fiske og hytter 2022

Saksdokument:

Saksutgreiing:

[Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning](#) blei endra i mars 2021. Det er gjort endringar i prisramma for sal av fiske og jakt på statsallmenning, som opnar for ei justering av prisane til fjellstyret. Det går ein del år mellom kvar gong prisramma blir endra. Sist det blei gjort ei endring var i 2016.

Fiskekort

Fjellstyret sine prisar på stongfiskekort var på prisramma fram til og med i fjor. Det er difor naturleg å auke prisen til den nye prisramma frå og med i år. Dette utgjer frå 10% til 12,9% auke.

Småviltjakt

Prisane for småviltjakt på Ulvik statsallmenning er låge samanlikna med dei andre statsallmenningane på Hardangervidda. Jakta rundt Finse er ettertrakta, og det er grunnlag for å auke innteninga på småviltjakt ved å auke prisane gradvis opp mot den nye prisramma. Sidan det har gått nokre år sidan prisramma blei endra sist blir det foreslått å auke prisane 10% i år, og så fylje opp med ein auke årleg dei neste åra.

Reinsjakt

Prisane for reinskort i 2021 var som vist i tabellen under.

Tabell 1. Prisar for reinskort i 2021.

Nordfjella	Innanbygds	Utanbygds
Kalv	kr 600	kr 1 200
Simle/ungdyr	kr 1 200	kr 2 400
Fritt dyr	kr 1 900	kr 3 800
Hardangervidda		
Fritt dyr + bukk	kr 3 200	kr 6 400

Det er ikkje klart kor stor kvota blir i år, og kva kategoriar kort det blir.

Hytteutleige

Prisane for hytteutleige i 2021 er vist i tabellen under.

Tabell 2. Prisar for hytteutleige 2021.

Oversikt over hyttene	Utleigeprisar pr. døgn	
	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Finsebu	Helg: 1000,- Kvardag 700,-	Helg: 1500,- Kvardag: 1200,-
Dyrahola	400,-	1000,-
Søre Grøndalshytta	300,-	800,-
Ripsebu	300,-	800,-
Lengjedalsbu	75,- pr. person	
Rundavassbu	75,- pr. person	
Austdalsbu	75,- pr. person	
Memorgebu	400,-	
Sankebu	Utleigd til sankelag	

Framlegg til vedtak:

	Gjeldande prisar	Ny prisramme	Framlegg til vedtak:
Fiske			
Døgerkort stongfiske	kr 100	kr 110	kr 110
2-døgerskort stongfiske	kr 150		kr 190
3-døgerskort stongfiske	kr 250		kr 290
Vekeskort stongfiske	kr 350	kr 390	kr 390
Sesongkort stongfiske	kr 700	kr 790	kr 790
Garnkort for innanbygdsbuande 1.8.-30.9.	kr 300	Inntil tre gonger prisramma	kr 330
Småviltjakt for innanbygdsbuande			
Dagskort	kr 125		kr 138
Vekeskort	kr 500		kr 550
Sesongkort	kr 750		kr 825
Småviltjakt for utanbygdsbuande			
Dagskort	kr 250	kr 280	kr 275
5-dagarskort		kr 1 130	
Vekeskort	kr 1 000	kr 1 580	kr 1 100
Sesongkort	kr 1 500	kr 2 590	kr 1 650
Nordfjella	Pris innanbygds 2021	Framlegg til vedtak:	
Kalv	kr 600	Inga framlegg til vedtak	
Simle/ungdyr	kr 1 200		
Fritt dyr	kr 1 900		
Hardangervidda			
Fritt dyr + bukk	kr 3 200		
Nordfjella:	Pris utanbygds 2021	Framlegg til vedtak:	
Kalv	kr 1 200	Inga framlegg til vedtak	
Simle/ungdyr	kr 2 400		
Fritt dyr	kr 3 800		
Hardangervidda:			
Fritt dyr + bukk	kr 6 400		

	Uleigeprisar pr. døgn		Framlegg til vedtak:	
	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Finsebu	Helg: 1000,- Kvardag 700,-	Helg: 1500,- Kvardag: 1200,-	Inga framlegg til vedtak	
Dyrahola	400,-	1000,-		
Søre Grøndalshytta	300,-	800,-		
Ripsebu	300,-	800,-		
Lengjedalsbu	75,- pr. person			
Rundavassbu	75,- pr. person			
Austdalsbu	75,- pr. person			
Memorgebu	400,-			
Sankebu	Utleigd til sankelag			

Referat:

Det var semje om framlegg til vedtak for endring av prisar på fiskekort og småviltjakt, samt uendra pris for reinskort og hytteutleige.

Vedtak (sak 04/22):

Fjellstyret vedtek fyljande prisar for 2022:

	Prisar 2022
Stongfiske	
Døgerkort stongfiske	kr 110
2-døgerskort stongfiske	kr 190
3-døgerskort stongfiske	kr 290
Vekeskort stongfiske	kr 390
Sesongkort stongfiske	kr 790
Garncort for innanbygdsbuande 1.8.-30.9.	kr 330
Garncort for utanbygdsbuande Langavatnet	kr 500
Småviltjakt for innanbygdsbuande	
Dagskort	kr 138
Vekeskort	kr 550
Sesongkort	kr 825
Småviltjakt for utanbygdsbuande	
Dagskort	kr 275
5-dagarskort	
Vekeskort	kr 1 100
Sesongkort	kr 1 650

Sesongkort smårovvilt	kr 100
Nordfjella	Pris innanbygds 2022
Kalv	kr 600
Simle/ungdyr	kr 1 200
Fritt dyr	kr 1 900
Hardangervidda	Pris innanbygds 2022
Fritt dyr + bukk	kr 3 200
Nordfjella	Pris utanbygds 2022
Kalv	kr 1 200
Simle/ungdyr	kr 2 400
Fritt dyr	kr 3 800
Hardangervidda	Pris utanbygds 2022
Fritt dyr + bukk	kr 6 400

Uleigeprisar pr. døgn 2022		
	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Finsebu	Helg: 1000,- Kvardag 700,-	Helg: 1500,- Kvardag: 1200,-
Dyrahola	400,-	1000,-
Søre Grøndalshytta	300,-	800,-
Ripsebu	300,-	800,-
Sankebu	300,-	800,-
Lengjedalsbu	75,- pr. person	
Rundavassbu	75,- pr. person	
Austdalsbu	75,- pr. person	
Memorgebu	400,-	

Vedtaka om pris på jakt og fiske er gjort med heimel i Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning § 13.

05/22: Budsjett 2022

Saksdokument:

- 05-22 Budsjett 2022

Saksutgreiing:

Framlegg til budsjett er laga med utgangspunkt i normal drift. Det er lagt inn utgifter til utsetting av yngel, ny utedo ved Dyrahola og skifte av golv i Sankebu.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var semje om å vedta framlegg til budsjett med to endringar:

Møter/kurs/oppdatering: kr 15 000

Datakostnad: kr 25 000

Vedtak (sak 05/22):

Framlegg til budsjett blir vedteke med endringane som er nemnt i referatet.

06/22: Søknad om støtte til 40-årsmarkering av Hardangervidda nasjonalpark

Saksdokument:

- 06-22 Søknad om tilskot til kulturarrangement
- 06-22 Oppsummering frå 40-årsmarkeringa

Saksutgreiing:

I mai 2021 sendte Eidfjord fjellstyre ein søknad til dei andre fjellstyra på Hardangervidda om støtte til arrangementet dei planla i samband med 40-årsmarkeringa for Hardangervidda nasjonalpark. Sidan det ikkje har vore fjellstyremøte etter søknaden blei motteken har ikkje dette blitt handsama av styret.

Arrangementet er gjennomført, og rapport frå Eidfjord fjellstyre ligg vedlagt.

I budsjettet er det lagt opp til ein eigenandel for fjellstyra på 27.650,-. Eidfjord fjellstyre har sendt ein open søknad til dei andre fjellstyra

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var semje om å støtte arrangementet med kr 5 000.

Vedtak (sak 06/22):

Fjellstyret støttar Eidfjord fjellstyre med 5.000,- til 40-årsmarkeringa av Hardangervidda nasjonalpark i 2021.

07/22: Evaluering av ordning for hytteutleige

Saksdokument:

Saksutgreiing:


Evaluering av ordning for hytteutleige

Jf. Sak 25/20 på møte i fjellstyret 15.12.2020 skal ordninga for hytteutleige evaluerast etter 2021-sesongen.


Søre Grøndalshytta, Dyrahola og Ripsebu har blitt leigd ut via Inatur frå og med 2019. I 2019 blei hyttene leigd ut på Inatur heile året utanom i perioden 19. august til 30. september, for at innanbygdsbuande skulle ha prioritet i den perioden. På styremøte hausten 2019 blei det vedteke å utvide perioden med utleige utanom Inatur til å gjelde frå 15. juli til 30. september. På styremøte hausten 2020 blei det vedteke å halda fram med denne ordninga 2021-sesongen, og så evaluere ordninga før 2022-sesongen. Omsetnad for utleige av dei tre hyttene er vist i tabellen og figurane under.

Tabell 3. Brutto omsetnad for utleige av fjellstyrehyttene 2019-2021.


		Søre Grøndalshytta	Ripsebu	Dyrahola
2019	Total omsetnad	kr 19 800	kr 27 600	kr 39 900
	Omsetnad utanom Inatur	kr 0	kr 0	kr 0
2020	Total omsetnad	kr 10 400	kr 11 500	kr 14 404
	Omsetnad utanom Inatur	kr 800	kr 2 700	kr 3 000
2021	Total omsetnad	kr 18 000	kr 29 400	kr 21 700
	Omsetnad utanom Inatur	kr 600	kr 11 200	kr 5 300



Figur 1. Brutto omsetnad samla og omsetnad utanom Inatur 2019-2021.




Figur 2. Brutto omsetnad samla og omsetnad utanom Inatur 2019-2021.




Figur 3. Brutto omsetnad samla og omsetnad utanom Inatur 2019-2021.


Tabellen og figurane over viser at utleige utanom Inatur har halde seg lågt for Søre Grøndalshytta alle tre åra. For dei to andre hyttene har det vore ein auke frå 2020 til 2021 utanom Inatur, særskild for Ripsebu. For Dyråhola er samla omsetnad i 2021 berre litt over halvparten av omsetnaden i 2019, medan samla omsetnad for Ripsebu er lik i 2019 og 2021. Figurane under viser utleigedøgn på Inatur per måned for dei tre hyttene i 2019-2021. Figurane viser at det er svært få utleigedøgn per måned. For Søre Grøndalshytta var det i 2021 nokre utleigedøgn gjennom heile året som kompenserte for endringa i utleigeordning etter 2019.



Figur 4. Utleigedøgn på Inatur fordelt på måned.



Figur 5. Utleigedøgn på Inatur fordelt på måned.



Figur 6. Utleigedøgn på Inatur fordelt på måned.

Oversikt over utleige på Inatur fordelt på innanbygdsbuande og utanbygdsbuande er vist i tabellen under.

Utleigedøgn Inatur	2019	2020	2021
Søre Grøndal			
Innanbygdsbuande	2	0	2
Utanbygdsbuande	48	12	21
Ripsebu			
Innanbygdsbuande	0	0	2
Utanbygdsbuande	69	11	22
Dyrahola			
Innanbygdsbuande	3	6	1
Utanbygdsbuande	78	13	16

Prisar for utleige i åra 2019-2021 er vist i tabellen under.

Prisar	2019	2020	2021
Søre Grøndal			
Innanbygdsbuande	300	300	300
Utanbygdsbuande	400	800	800
Ripsebu			
Innanbygdsbuande	300	300	300
Utanbygdsbuande	400	800	800
Dyrahola			
Innanbygdsbuande	300	400	400
Utanbygdsbuande	500	1000	1000

Konklusjon:

- Utleige utanom Inatur i perioden 15. juli til 30. september har vore på eit lågt nivå både i 2020 og 2021 for Søre Grøndalshytta og Dyråhola, medan det var ein auke i utleige frå 2020 til 2021 for Ripsebu.
- Utleigeinntektene er nokonlunde lik i 2019 og 2021 for Søre Grøndalshytta og Ripsebu. For Søre Grøndalshytta kjem dette av at prisen for utanbygdsbuande er dobla frå 2019 til 2021. For Ripsebu er det og ein effekt av dobla pris for utanbygdsbuande, men auka utleige utanom Inatur har òg hatt ein effekt.
- Det er ein klar tendens til at Ripsebu er mest populær blant innanbygdsbuande, medan Søre Grøndalshytta blir svært lite brukt av innanbygdsbuande.
- Det er potensiale for å auke inntektene på hytteutleige ved å gjere ei eller fleire av dei tre hyttene tilgjengeleg for utleige på Inatur i perioden 15. juli til 19. august.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var semje om å halda fram med noverande ordning for hytteutleige i 2022. Ordninga skal evaluerast etter sesongen.

Vedtak (sak 07/22):

Fjellstyret held fram med noverande ordning for hytteutleige. Ordninga skal evaluerast etter 2022-sesongen.

08/22: Smårovviltkort

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Som eit tiltak for å auke avskytinga på raudrev og anna smårovvilt blir det foreslått å opprette eit sesongkort for jakt på smårovvilt som gjeld for raudrev, røyskatt, mår, mink, kråke og ravn. Føremålet med å ha eit eige smårovviltkort er todelt:

1. Eit tilbod til dei som berre ynskjer å jakte til dømes raudrev, og difor ikkje er interessert i å kjøpe jaktkort på småvilt
2. Å tilby jakt på smårovvilt utanom den tida det blir selt jaktkort på småvilt. Til dømes er jaktidsramma for raudrev 15. juli til og med 15. april.

Prisen på eit slikt kort er naturleg å sette lågt, til dømes til 100 kr.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre innfører eit sesongkort for smårovvilt for artane raudrev, røyskatt, mår, mink, kråke og ravn. Prisen for kortet blir sett til 100 kr for sesongen 2022-2023. Kortet blir seld via Inatur.

Jaktreglar:

1. Kortet gjeld for artane raudrev, røyskatt, mår, mink, kråke og ravn.
2. Jeger skal ha jaktkort med seg under jakta, og pliktar å vise det fram når dette vert kravt av jakttoppsynet, politiet eller nokon frå fjellstyret.
3. Generelle jaktreglar gjeld, jf. Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) og tilhøyrande forskrifter.
4. Jakttid: 15.7-15.4., med avgrensingar innanfor denne ramma for kvar einskild art, jf. Forskrift om jakt- og fangsttider fra og med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022.
5. Jakt er ikkje tillate i tida frå og med 24. desember til og med 31. desember, og ikkje på langfredag, påskeaftan og fyrste påskedag.
6. Jeger skal levere jaktrapport etter avslutta jakt via Inatur si rapport-ordning.
7. Brot på desse reglane er straffbart, jf. fjellova § 37.

(* Forskrift om jakt- og fangsttider fra og med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022 blir erstatta av Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktsesongene fra og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028)

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 23 og 25.

Referat:

Det var semje om framlegg til vedtak.

Vedtak (sak 08/22):

Ulvik fjellstyre innfører eit sesongkort for smårovvilt for artane raudrev, røyskatt, mår, mink, kråke og ravn. Prisen for kortet blir sett til 100 kr for sesongen 2022-2023. Kortet blir seld via Inatur.

Jaktreglar:

1. Kortet gjeld for artane raudrev, røyskatt, mår, mink, kråke og ravn.
2. Jeger skal ha jaktkort med seg under jakta, og pliktar å vise det fram når dette vert kravt av jakttoppsynet, politiet eller nokon frå fjellstyret.
3. Generelle jaktreglar gjeld, jf. Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) og tilhøyrande forskrifter.
4. Jakttid: 15.7-15.4., med avgrensingar innanfor denne ramma for kvar einskild art, jf. Forskrift om jakt- og fangsttider fra og med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022.
5. Jakt er ikkje tillate i tida frå og med 24. desember til og med 31. desember, og ikkje på langfredag, påskeaftan og fyrste påskedag.
6. Jeger skal levere jaktrapport etter avslutta jakt via Inatur si rapport-ordning.
7. Brot på desse reglane er straffbart, jf. fjellova § 37.

(* Forskrift om jakt- og fangsttider fra og med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022 blir erstatta av Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktsesongene fra og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028)

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23.

09/22: Garnfiskekort for utanbygdsbuande i Langavatnet

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellstyreleiar har kome med eit innspel om at det bør vurderast å opprette eit garnfiskekort for utanbygdsbuande i Langavatnet. Bakgrunnen for dette er at det med fordel kan fiskast meir i Langavatnet for å oppretthalde god kvalitet på fisken. Forslaget går på å selje inntil 10 kort som kan brukast i perioden 10-31. august. Dette er tenkt som ei prøveordning for 2022.

Garnfiskekort for utanbygdsbuande er ei ordning som Ullensvang og Eidfjord fjellstyre har hatt ein del år. På Ullensvang statsallmenning blir det selt inntil 20 vekeskort som kan brukast i 16 vatn. Dette kortet blei selt for 600,- i 2021.

Fjellova opnar for at ein kan gje løyve til fiske med garn for utanbygdsbuande «når det kan skje utan at det går ut over fiskerettshavarane (...)». Fjellstyret må vurdere om omfanget av ordninga kan føre til ein nemneverdig negativ påverknad på fisket til innanbygdsbuande, og om ordninga kan føre til at det blir fiska for mykje. Moment å vurdere i denne samanhengen er storleiken på vatnet og omfanget av garnfiske i vatnet i dag (sjansen for å ta fiskestadane frå innanbygdsbuande), og om ressursgrunnlaget tilseier at det med fordel kan fiskast meir i vatnet for å oppretthalde kvaliteten på fisken.

Eit eventuelt vedtak blir etter fjellova § 28 3. ledd. Dette vedtaket skal heradet uttale seg til, og vedtaket blir gjeldande fyrst når det er gjort.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var semje om å innføre eit garnfiskekort for utanbygdsbuande i Langavatnet med fyljande reglar:

Det blir lagt ut 8 kort på Inatur pr sesong

Det kan berre nyttast garn med maskevidde på 18 omfar (35 mm)

Fiskekortet kan nyttast i perioden 1. august til og med 15. september

Det kan fiskast med inntil 10 garn

Prisen for korta blir sett til 500,-

Ordninga skal evaluerast etter sesongen.

Vedtak (sak 09/22):

Ulvik fjellstyre innfører eit garnfiskekort for utanbygdsbuande i Langavatnet for 2022 med fyljande reglar:

Det blir lagt ut 8 kort på Inatur pr sesong

Det kan berre nyttast garn med maskevidde på 18 omfar (35 mm)

Fiskekortet kan nyttast i perioden 1. august til og med 15. september

Det kan fiskast med inntil 10 garn

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 28.
Fjellstyret tek atterhald om at heradet skal uttale seg til vedtaket.

10/22: Aktivitetsplan 2022

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Noverande sekretær blir avløyst av fast tilsett sekretær innan kort tid. Det er difor ikkje naturleg å legge fram ein aktivitetsplan for året tilsvarande som det er gjort tidlegare år på dette møtet.

På kort sikt er planane frå fjelloppsynet si side å drive normalt tilsyn med hyttene vinterstid, inkludert brannvern og frakt av gass og ved. Det vil bli lagt vekt på ekstra tilsyn med Finsebu.

Plan for anna feltarbeid, som byggeprosjekt Dyrahola og Ripsebu og fiskeutsetting, kan drøftast på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Gjennomgang av det som er aktuelt å gjennomføre av tiltak i 2022:

Fiskeutsettinga blir gjennomført som planlagt, jf. vedtak frå 2021 med nokre endringar:

- Det blir søkt om og sett ut fisk i fyljande vatn (mengde i parentes):
 - o Fløyelsvatnet nedre (250), Fløyelsvatnet øvre (250), Kvannjolnutvatnet (250), Inste Ripsetjødne (1193 moh) (300), Reipsetjørnane (1194 moh) (300)
- Det kan berast fisk til Reipsetjørnane, medan det må nyttast helikopter til Fløyelsvatna og Kvannjolnutvantet.

Byggeprosjekt:

- Dyrahola:
 - o Knut ordnar med materialliste til ny utedo. Aktuelt byggeprosjekt til sommaren.
- Sankebu:
 - o Material til nytt golv må køyrast inn i vinter. Kan vere aktuelt for fjellstyremedlemmer å bidra med dugnad på transport og arbeid i kombinasjon med fjelloppsynet.
- Naust Kvilinganutvatnet:
 - o Det blir søkt om midlar frå Hardangerstiftinga til bygging av nytt naust ved Kvilinganutvatnet.

Anna:

- Lavvoen ved Langvatnet skal settast opp rundt 15. juli

- Fjellstyret ynskjer at fjelloppsynet prioriterer fiskeoppsyn, og småviltjaktoppsyn – særskilt viktig å vere synleg i Finse-området i starten av småviltjakta.

Vedtak (sak 10/22):

Punkta i referatet blir lagt til grunn for arbeide til fjellstyret i 2022.

11/22: Eventuelt

Påhengsmotor:

Det skal kjøpast inn påhengsmotor 4 hk til Søre Grøndalshytta – Atle ordnar med innkjøp.

Båten på Finse:

Båten på Finse er i dårleg stand – Johannes tek båten heim til sommaren. Det blir kjøpt inn ny 14 fots båt – Atle ordnar med innkjøp.

Framlegg til villreinkvote for Hardangervidda frå villreinutvalet:

Fjellstyret støttar framlegg til villreinkvote frå villreinutvalet, inkludert framlegg til jakttid, opning av posisjonar på dyreposisjoner.no med eit døgn's forseinking som i 2021 og innspel om økonomisk bidrag frå myndigheitene til utfrakt av felte dyr med fly/helikopter og for innlevering av kjeve og cwd-prøve frå vaksen bukk.

I tillegg kjem fjellstyret med merknad om at myndigheitene og bør bidra økonomisk til utfrakt av felte dyr med andre transportmetodar enn fly/helikopter.

Tilsettingsprosess:

Knut orienterte fjellstyret om prosessen med tilsetting av ny fjelloppsyn som får sekretærrolla for Ulvik fjellstyre.